



Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:

Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:

Hilde Birgitte Kalleklev /
55516386

Vår referanse:

23/31931-2

Dykkar referanse:

18/996-
2021050975/3882

Vår dato:

27.04.2023

Uttale med motsegn – Kommuneplan 2023 arealdel Austevoll kommune – offentleg høyring

Vi viser til høyringa datert 15.02.2023 med forslag til kommuneplan for Austevoll kommune.

Statens vegvesen vil med bakgrunn i rolla som statleg fagmynde for vegtransport med ansvar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging fremje motsegn til:

- Talet og storleiken på areal sett av til bustad utanfor dei større senterområda og kommunesenteret.
- Talet og storleiken på areal sett av til LNFR spreidd bustad i tillegg til storleiken på kvotar for tillat bygging av bustadeiningar.

Saken gjeld

Austevoll kommune har sendt forslag til ny kommuneplanens arealdel (KPA) på høyring.

Kommuneplanen har eit planperspektiv på 10 år og avgjer arealutviklinga i Austevoll kommune.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt

Postadresse

Statens vegvesen

Transport og samfunn

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse

Nygårdsgaten 112

5008 BERGEN

Fakturaadresse

Statens vegvesen

Fakturamottak DFØ

Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Statens vegvesen si rolle i denne saka er som statleg fagmynde med sektoransvar for vegtransport.

Arealpolitiske føringer for planarbeidet

Statens vegvesen har ansvar for å følge opp statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Planlegginga skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling, og medverke til å utvikle berekraftige tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør legge til rette for utvikling av kompakte tettstader, redusere transportbehovet og klima- og miljøvenlege transportformer. Planlegginga skal også legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i område med press på bustadmarknaden.

Motsegn

Kommuneplanens arealdel må i større grad styre arealbruken i kommunen. Prognosane for befolkningsutvikling i Austevoll syner at befolkninga ikkje skal auke i særleg grad fram mot 2050 (SSB). KPA må i større grad tilpasse seg desse prognosane og ikkje legge opp til nye bustader der det ikkje er venta befolkningssauke.

Utviklinga på Austevoll må i all hovudsak skje på Storebø og i Bekkjarvik der det er skule, arbeidsplassar, butikkar og idrettsanlegg som gjer transportbehovet mindre. Ved tettare utbygging kan fleire born gå eller sykle til skulen og fotballtrening. Tettare utbygging gjer det enklare og billigare å drive offentlege tenester som til dømes boss og heimetenester. Å konsentrera ny utbygging av bustader rundt senterområda har stor samfunnsnytte.

Statens vegvesen har ikkje gått detaljert inn i kvart område der forslag til KPA legg til rette for ny utbygging, det er det samla talet på utbygging av bueiningar utanfor senterområde som er for høgt. For at vi skal kunne trekke motsegna må Austevoll kommune gjere ein ny vurdering der talet på nye bueiningar utanom senterområda og robuste bygder er avgrensa og redusert. Omsynet til trafikktryggleik og framkomst må spele en avgjerande rolle i vurderinga. Vi legg til grunn at Vestland fylkeskommune som vegeigar på Austevoll vil vere ein viktig premissgivar for desse vurderingane.

Areal sett av til bustad

I planskildringa beskriv kommunen at i eller nær etablere bustadområde er det lagt til rette for fortetting. Dette for å stimulere til utbygging i samanheng med sentrumsområda. Det er eit ønske at bustadområde legger opp til varierte bustadformer blant anna som gir rom for fleksibel bruk og universell utforming, slik at dei fleste kan bu heime så lenge som mogleg. Det bør i utbyggingsområda gi rom for konsentrerte bustader, småblokker og småhus.

Statens vegvesen stettar dette målet. Austevoll har i dag 2155 einebustader og 119 leilegheiter. Tala tyder på at Austevoll er godt forsynt med einebustader, men at talet på konsentrerte bustader, små blokker og småhus kan aukast.

Talet og storleiken på areal sett av til bustad utanfor senterområda og kommunesenteret må reduserast.

Areal sett av til LNFR spreidd bustad

I områda med bustader og lite utbyggingspress er det avsett LNFR – spreidd bustad. I desse områda er der fortrinnsvis einebustader som kan byggjast, men det kan tillatast småhus og bustader med 2 einingar. I føresegna er det lagt opp til ei samla kvote på til saman 169 bueiningar som kan byggjast i KPA-perioden. Dette talet er for høgt. Når kommunen legg til rette for eit så høgt tal på spreidd utbygging vil dette gå utover talet på einingar som blir bygget meir sentralt. Slik sett gjer kommunen frå seg moglegheita til å styre arealbruken i kommunen gjennom KPA.

Talet og storleiken på areal sett av til LNFR spreidd bustad i tillegg til storleiken på kvotar for tillat bygging av bustadeiningar må reduserast.

Konklusjon

Statens vegvesen vil med bakgrunn i rolla som statleg fagmynde for vegtransport med ansvar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging fremje motsegn til:

- Talet og storleiken på areal sett av til bustad utanfor senterområda og kommunesenteret.
- Talet og storleiken på areal sett av til LNFR spreidd bustad i tillegg til storleiken på kvotar for tillat bygging av bustadeiningar.

For at vi skal kunne trekkje motsegna må Austevoll kommune gjere ein ny vurdering der talet på nye bueiningar utanom senterområda og robuste bygder er avgrensa og redusert. Omsynet til trafikktryggleik og framkomst må spele en avgjerande rolle i vurderinga.

Vi ber Statsforvaltar i Vestland om å fremje slik motsegn. Statens vegvesen deltar gjerne i dialogmøte hos Statsforvaltar for å komme til semje om justeringar i planforslaget slik at våre motsegner kan løysast.

Transport og samfunn

Med helsing

Nils Audun Karbø
direktør

Tone Margrethe Oppedal
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

AUSTEVOLL KOMMUNE, Birkelandsvegen 2, 5392 STOREBØ
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN